



Frå venstre, øvst: Terje Haugsgjerd, Kai Robin Flesvik Nilsen, Tamara Sortland, Kari Tresnes, Therese Langeland, Anita Larsen, Ingrid Leithaug Mjanger, Anne Haugen Pihl.

# Erasmus+ jobbskudding og observasjonsrapport Danmark

21-25. november 2022

# Innhold

<b>Program .....</b>	<b>3</b>
<b>Ballerup Bibliotekerne .....</b>	<b>4</b>
“For mennesker – med bøger” .....	4
Posthuset.....	5
Berekraftsmåla skal bli til kvardagsmål. ....	6
<b>Blågårdens bibliotek .....</b>	<b>7</b>
Eit kombinert kulturhus og bibliotek, i hjartet av indre Nørrebro .....	7
LÆS – satsing på lesing .....	9
Støberiet – ein aktiv del av lokalmiljøet.....	9
Kultur- og samfunnshuset Kapellveien.....	10
<b>Biblioteket Rentemestervej .....</b>	<b>11</b>
Biblioteket - inspirert av ein stabel bøker .....	11
Eventyrstund og barneavdeling.....	12
Ungdomshuset Dortheavej 61.....	14
<b>Københavns hovedbibliotek .....</b>	<b>15</b>
Kjøpesenter eller bibliotek? .....	15
<b>Københavns hovedbibliotek: avdelinga LÆS .....</b>	<b>17</b>
Barneetasjen LÆS.....	17
<b>BIBLIOTEK+ Gladsaxe Bibliotekerne .....</b>	<b>19</b>
«Hele Gladsaxes kulturelle og sociale mødested» .....	19
Verdensmålcertifiseret bibliotek.....	20

# Program

**22. november**

**Ballerup bibliotekerne  
Blågårdens bibliotek**

**23. november**

**Biblioteket Rentemestervej  
Københavns hovedbibliotek: avdelinga LÆS**

**24. november**

**Bibliotek + Gladsaxe Bibliotekerne**

**Seksjon for bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune har fått støtte fra Erasmus+ mobilitetsprosjekt for vaksenopplæring. Det har gjort det mogleg å ta med**

**bibliotektilsette i Vestland på jobbskudding i bibliotek i København-regionen hausten**

**2022. Vi har besøkt nyskapande og nye bibliotek og lært om samarbeid mellom bibliotek, frivillige organisasjoner og andre institusjoner. At mange får reise ut og lære av andre bibliotek, vil utvilsamt ha ringverknader på utvikling av folkebiblioteka i Vestland.**

**Deltakarar på turen til Danmark var:**

**Kari Tresnes, Austrheim bibliotek, Ingrid Leithaug Mjanger, Bømlo bibliotek, Therese Langeland og Anita Larsen, Kvinnherad bibliotek, Kai Robin Flesvik Nilsen, Stord bibliotek, Tamara Sortland, Vågsøy bibliotek, og Anne Haugen Pihl og Terje Haugsgjerd, begge fra Seksjon for bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune**

# Ballerup Bibliotekerne

Referenter: Anita og Therese

## “For mennesker – med bøger”

Ballerup-biblioteka består av fire hus: Ballerup bibliotek. Kulturhus Måløv, Skovlunde kulturhus og Posthuset.

Det er 45 tilsette til saman på desse stadene.



Vi vart entusiastisk tatt imot av biblioteksjefen Ravinder Kaur-Pedersen, som lærte oss om biblioteket sitt arbeid. Overskrifta på den gjeldande 4-årsstrategien var Bedre liv-Mere liv. Ei anna formulering er “gi kvalitet til liv”.

Biblioteket prøver å samordne sin visjon med kommunen sine planar -“samskapelse”. Kaur-Pedersen trur at det hjelper å bruke det same språket/orda som politikarane i sine planar for lettare å få gehør hos dei.

*Ballerup bibliotek og Posthuset ligg på kvar si side av ein stor plass, like ved buss- og togstasjon, noko dei nemnde som ein fordel.*

Som nemnt opererer biblioteket med 4-års planar, strategiar. Men dei er bevisste på å hauste fruktene av den førre plana sjølv om dei går vidare med ei ny. Dei hadde også ein ide med at dei tilsette skal få ”smake eigen medisin”. Opplegg som vart laga for brukarane skulle og dei tilsette gjennomføre.

## Posthuset

Dette aktivitetshuset er som namnet seier, eit nedlagt posthus, det blei tatt i bruk av biblioteket i 2021. Første etasje er meint å vere ein samlingsstad for alle i Ballerup, med

gratis ”borgerkaffe” på ei kanne og fritt fram å ta med eigen lunsj. I andre etasje, ”stueetasjen”, kan ulike foreiningar leige lokale til samlingane sine, gratis.

I Posthuset er det også utstyr og plass til ulike hobby-aktivitetar, til dømes podcast, syverkstad og e-sport. Her er brukar-medverking viktig. Det er ikke biblioteket som driv dei ulike foreiningane, men dei tilsette er der for å legge til rette og hjelpe folk å komme i gang. Har du ein ide om å starte noko, hjelper dei med å søke midlar til utstyr, kome i kontakt med nytige folk eller liknande - og så er lokala til gratis disposisjon. Vi observerte fleire grupper i gong med aktivitetar om føremiddagen, men blei fortald at det aukar på om ettermiddagen og kvelden.



*E-sports-utstyret inkluderer skikkelege gaming-stolar. Biblioteket har eit mål om at bibliotekbrukarane skal spegle demografien i området, og eit ønske om å kople ulike brukargrupper med kvarandre. Ei eldreforening er særdeles nøgde med gaming-stolane.*

# Berekraftsmåla skal bli til kvardagsmål.

Observasjonane vi gjorde på Ballerup dreidde seg framfor alt om arbeidet deira med å støtte fellesskap og skape fellesskap, og om arbeid med berekraftsmåla ("verdensmål"). Ballerupbiblioteka er eitt av ti bibliotek i Danmark som er «verdensmålcertificeret» - dette er eit sertifiseringsprogram utvikla av mellom anna Danmarks Biblioteksforening, som skal fungere som fødselshjelper for nye idéar og

aktivitetar. Samtidig skal biblioteka også sjølv vise veg og arbeide for meir beredyktige bibliotek.

Ballerupbiblioteka koplar berekraftsmåla til alt dei driv med, gjerne med å vise til eitt av dei konkrete måla. Eit døme er «Lektiehjälpen» knytt opp mot mål 4, som handlar om at alle skal ha rett til utdanning. Dette er Ballerup Bibliotekas leksehjelp som blei starta opp for 14 år sidan av ei gruppe pensjonerte lærarar. Dei hjelper barn og unge i Ballerup med leksene kvar måndag og onsdag.

Eit anna døme er Tech-teket, som er det dei har kalla det tekniske verkstadområdet sitt. Der gir dei opplæring i å bruke ymse digitale verktøy, for å gjere brukarane sjølvhjelpe.

Fokuset skal vera på prosessen frå ide til produkt, og ikkje produksjonen. Tanken er at alle, uansett bakgrunn, skal ha tilgang til, og læra seg å bruke digitale verktøy.

Arbeidet med berekraftsmål er ei viktig lærdom vi tek med oss vidare, sidan arbeid med desse måla også er på full fart inn i den norske bibliotekverda.



"Vi gør verdensmål til hverdagsmål". All aktivitet på biblioteket blir kopla opp mot berekraftsmåla, for å skape bevisstheit rundt kva rolle lokalsamfunn og bibliotek har i arbeidet med å nå måla.

# Blågårdens bibliotek

Referenter: Tamara og Ingrid

## Eit kombinert kulturhus og bibliotek, i hjartet av indre Nørrebro

Biblioteket ligg på Blågårdsplass i hjartet av Nørrebro - den mest multikulturelle bydelen i København, med mange og komplekse sosiale problem.



Danmark fører ein politikk som har som mål å splitte opp ghetto-miljø og blande innbyggjarar frå dei ulike sosiale klassane og dei ulike opphavskulturane. Slik vil dei prøve å få bukt med problema. Biblioteket er eit av verktøya brukti i arbeidet for å engasjere innbyggjarane, og gi dei ein trygg plass å vere og moglegheit til å knytte band på tvers av miljø.

Biblioteket har kopling til fire kulturhus som

jobbar sjølvstendig og på tvers. Dei er avhengig av slikt samarbeid sidan dei har lite pengar

sjølv. Saman søker dei finansiering til personale, utstyr og rom. Gjennom samarbeidet blir ulike målgrupper tiltrekt, og dermed introdusert til biblioteket.

Kulturhusa er også gode å ha når biblioteket treng rom til arrangement. Desse arrangementa skal helst vere gratis, men i nokre høve kan musikarar/foredragsholdarar ta litt



Dynamiske rom: reolane er på hjul og kan flyttast på for å gi plass til små intime arrangement og opplesningar, ca 75 plassar.

inngangspenger for å kompensere eigne utgiftar. Hovudtanken er at aktiviteten ikkje skal vere profittskapande, politisk eller religiøs.

Tillit er viktig i ein bydel som Nørrebro. Biblioteklokal er meirope, eller «selvbetjente» utanom opningstid, og det at det er aktivitet i biblioteklokal betyr tryggleik for brukarar som oppheld seg der utanom betente opningstider.

Biblioteket er lite men har stort aktivitetsnivå. Dei har fokus på fleirbruksperspektiv, og eit mål om å løyse opp søyleoppdeling i kultursektoren, det vil seie at dei vil bryte ned tradisjonelle skilje mellom kunst, idrett, bibliotek.



Vaksenavdelinga har ei stor samling vinylplater som er til heimlån. Dei kan også lyttast til på biblioteket.

## LÆS – satsing på lesing

I biblioteka i København er det ei stor satsing på språk og leselyst for barn mellom 0 og 12 år. Satsinga er forankra i hjerneforskning, forsking om lesevaner og fagleg ekspertise om språkopplæring. Tanken er å skape leselyst frå barna er veldig små.



Ved Blågården er det to barnebibliotekarar som jobbar med kvar si aldersgruppe. Dei har fleksibel og oppsøkjande kontakt med skulane, med eit klart mål om at skulebarna sine møte med litteratur på biblioteket skal vere lystbetont.


Bøkene er ordna etter vanskegrad, med spesielt fokus på lydrett staving. Det er ei utfordring for danske barn å lære nokre ord, fordi vocalane i språket uttalast likt.

Som eit døme fortalte barnebibliotekaren vi følgde denne dagen, om eit arrangement der skulebarna fekk servert bøker som lunsj på ein kafé. Bøker låg som fat på bordet, med serviettar og bestikk. Barna bestemte sjølv kva for bok dei ville sette seg ved. Til forrett kunne barna fortelje kva dei trudde boka dei sette seg ved handla om og som dessert kunne dei fortelje kva dei hadde lyst til å lese om.

## Støberiet – ein aktiv del av lokalmiljøet

Vi tilbrakte også tid på Støberiet, eit verkstadfellesskap/kulturhus i tett relasjon til biblioteket. Det ligg i dei øvste etasjane i same bygg, og dei bibliotektilsette legg til rette slik at lokale kunstnarar og frivillige kan sette i gang med aktivitetar. Det er om lag 100 arrangement i året i huset - i starten brukte dei mykje krefter på å trekke folk inn, no står brukarar og tilskodarar i kø. Ofte får frivillige berre låne nøklar til huset og sette i gang med sine aktivitetar – heilt uavhengig av om det er tilsett til stades eller ikkje. Som ein ekstra støtte til å drifta huset har dei superbrukarar, dette kan til dømes vere ein kunstnar med atelier i huset. Dei får redusert husleige i byte mot slik teneste.

Støberiet husar til saman 14 atelier som leigast ut til lokale kunstnarar, og eit forsamlingslokala som blir leigd ut til alle typar arrangement – til dømes familiebursdagar, brettspillturnering og film-framvisingar.



*Hackspace: ein av verkstadane på Støberiet. Ideen er å hake gamalt utstyr og bruke komponentane til noko nytt.*

## Kultur- og samfunnshuset Kapellveien.

Som ein del av opplegget på Blågården bibliotek, fekk vi lære meir om korleis eit av kulturhusa som dei samarbeider med i bydelen fungerer. Det er mange problem knytt til heimløyse, narkotika og gjengar i Nørrebro - Kapellveien er eitt tiltak for å møte desse utfordringane, som ein miljøskapande institusjon.

«Kapellveien» ligg i nærleiken av biblioteket, det er mange organisasjonar for kulturfolk held til. Det er fire musikkstudio der, i tillegg finn ein radiofolk, dansarar og andre utøvarar. Huset er dels skule, difor er noko av tilbodet deira retta mot 10-klassingar.



I Kapellveien er det berre ein fast tilsett, i tillegg til kjøkenhjelp, elles blir huset drive av huset av ungdommar mellom 15 og 24 år.

Dei som blir tilsett er folk som representerer utsette miljø i bydelen, dei blir tilsett fem månader av gongen, etter det får dei moglegheit å bli «nøkkelerarar»/animatorar. Sosialforvaltning, barn- og ungeforvaltning er involvert i desse tilsettingane. Tanken er at miljøa skal møtast og bli kjende med kvarandre, i tråd med målsetjingane med kulturhuset.

## Biblioteket Rentemestervej

Referenter Anne, Anita, Kari, Kai Robin

### Biblioteket - inspirert av ein stabel bøker



Bygget som biblioteket i Rentemestervej er ein del av, er frå 2011 - det er teikna av arkitektfirmaet COBE. Det rommar mange organisasjonar, men heiter 'Biblioteket'. Førsteinntrykket er eit flott, nytt bygg, integrert i eit gammalt industribygg. Det er stort, 3.600 m<sup>2</sup> og inneheld kulturhus, bibliotek, konsertsal, kafé, verkstader og borgerservice.

Biblioteket er spreidd ut over fire etasjar, småbarnsavdeling i første, barn og unge i andre, vaksen i tredje, og studieplassar i fjerde.

Borgerservice, møterom og verkstader er spreidd ut over heile bygget, slik at det ikkje er heilt klåre grenser for kva som er bibliotek og kva som er andre tenester.

Inngangspartiet er eit stort, ope rom, som blir brukt til diverse arrangement som konsertar, foredrag, teater og liknande. Bygget er utsmykka, både innvendig og utvendig, med kunst laga av ein biletkunstnar som går under namnet HuskMitNavn.

Også i dette biblioteket er berekraftsmåla løfta fram. Installasjonen «Blomsterhavet» er eit prosjekt laga av 4. klassane ved ein av skulane i området, og er eit ledd i eit arbeid med FN sitt berekraftsmål nr 15: «livet på land». Ein detalj som gjekk igjen også i dette biblioteket, er at dei fleste tilsette gjekk med nøkkelband om halsen med FN sin logo/grafikk til berekraftsmåla.



Borgerservice hjelper deg mellom anna med å skaffe pass, førarkort, melde adresseendring og liknande.

Det var ikkje heilt lett å bli klok på kor mange som er tilsett i bygget. I tillegg til dei som betener borgerservice, er det nokon som jobbar med kafe, verkstader og konsertsal - men svært mykje av aktiviteten baserer seg på frivillige og andre organisasjoner.

Det er fire tilsette knytt til biblioteket, pluss ein som er ekstrahjelp i helgene. Skranke nær inngang er betent kvar dager mellom 1400 og 1700, laurdager 1100-1400. Huset er elles ope med 'sundhetskort' (tilsvarende meirope) fra 0800-2000, sundagar 0800-1600. Sjølvbetent utlån og innlevering har stasjonar ved inngangen i første etasje.

## Eventyrstund og barneavdeling

Jobbskugginga på «Biblioteket» inkluderte eventyrstund – eit døme på barnearrangement dei har kvar onsdag. Denne gongen var det 14 barn til stades, saman med foreldre og barnehage-tilsette, alle hadde booka på førehand.

Ei jente på omlag 4-5 år var der for aller første gong saman

Eventyr-Hanne, eit populært tilbod på biblioteket. Hanne kjem om lag ein gong i månaden.



med mora. Storesøstera hennar hadde vore med på mange slike eventyrstunder, og for familien deira var Hanne ein liten verdskjendis. Dette var faktisk ein så stor hending for den vesle jenta, at ho hadde med seg ein blomsterbukett i gåve til Hanne.

Hanne fortalte og dramatiserte 4-5 forskjellige eventyr, og greidde på imponerande vis å halda på merksemda til ungane gjennom heile seansen, som varte godt og vel 45 minutt.

Barneavdelinga er i grøne fargar og inviterer til mykje rørsle, med ulike nivå ein kan klatre på (og skoa må ein ta av ved inngangen). Vi såg mange små barn i følgje med foreldra som brukte avdelinga med stor innleving.



Barneavdelinga på grunnplanet blir kalla 'Grotten'. Ifølge bibliotekar Claus Herlev Madsen som tok hand om oss mens vi var der, er dette namnet inspirert av København zoo og apene der som klatrar omkring.

Flytande grenser mellom kva som er bibliotek og kva som er kulturhus gjekk igjen i heile huset, og er nok tilsikta.



I vaksenavdelinga er det ei lun, inviterande atmosfære, med forfattar-portrettar og hyggelege leseplassar.

Vi var også innom dei andre avdelingane i «Biblioteket» - ungdoms- og vaksenavdeling, dei kreative verkstadene og ein stor sal, med plass til oppimot 300 personar. Salen kan brukast til konserter, teater og andre kulturarangement.

Det var interessant å sjå korleis biblioteket i Rentemestervej stilte ut bøkene sine. Saman med dei andre Københavnsbiblioteka har dei gått vekk frå å stille ut bøkene med fronten ut i hyllene, og gått over til ein modell som liknar meir på måten bokhandlarane stiller ut bøker – i stablar på utstillingsbord plasserte rundt omkring i biblioteket. Denne måten å presentere bøker på, opplevast som moderne og innbydande.

## Ungdomshuset Dortheavej 61

Også dette biblioteket har eit slags samarbeid med eit eksternt aktivitetshus, i likskap med Blågården sitt samarbeid med Kapellveien. Men dette samarbeidet let ikkje til å vere så veldig aktivt. Dortheavej 61 (eit 'ungdomshus'), plassert i bakgarden til kulturhuset, har bakgrunn i eit tidlegare okkupert hus ein annan stad i København (tilsvarande Blitzhuset i Oslo). Huset blei ei erstatning då organisasjonane bak okkupasjonen blei kasta ut i 2008. Arkitektane bak «Biblioteket» hadde laga ein passasje mellom dei to husa, slik at det var lagt til rette for eit utvida samarbeid, men det fungerte ikkje slik. I staden var det komme opp eit stort gittergjerde som stengde for trafikk mellom husa, og bortsett frå nokre sporadiske fellesarrangement, var det ikkje noko kontakt mellom dei.

Inntrykket ein sit att med er at «Biblioteket» er eit hus med god atmosfære, som blir brukt av mange - til mange ulike formål. Verkstadane blir nok gjerne meir brukt på kveldstid, men akkurat i den tida vi besøkte huset, var det godt med liv og røre i biblioteket, spesielt i 1. etasje rundt barneavdelinga og i kaféen.




# Københavns hovedbibliotek

Referenter: alle

## Kjøpesenter eller bibliotek?

Hovedbiblioteket ligg i indre by, ikkje langt unna universitetet. Adressa er Krystalgade, og der ligg den jødiske synagogen også. I februar 2015 var det ein terroraksjon der, der ein vaktmann var skoten og drept, og to politimenn skadde. Etter den tid har politiet halde seg i nærleiken.

*Duren fra rulletrappene er til stades i heile fellesarealet.*



Inntrykket som sit att av hovedbiblioteket er eit kjøpesenter: Stort ope rom, rulletrapp, informasjonskjerm, bøker stabla som i en bokhandel. Like ved inngangen var det sittegrupper som i ein kafe, og passasje inn til kafeen som er tilknytt biblioteket.


Då vi kom til biblioteket, blei vi motteke av eit kor i fellesarealet – dei song ikkje til ære for oss, det skjer fast kvar onsdag på hovudbiblioteket.

Alle biblioteka i København er del av eit rotasjonssystem der bøkene automatisk blir fordelte ut frå ein stor felles 'pool'. Dette gjer at bokutval og utstillingar framstår som ganske eins i dei biblioteka vi observerte. Alle stadene gav assosiasjonar til bokhandlarar, og ikkje slik vi er vane med å sjå bibliotek.

*Dei tilsette på hovudbiblioteket er lette å identifisere*



# Københavns hovudbibliotek: avdelinga LÆS



Referenter: Terje, Tamara, Therese og Ingrid

## Barneetasjen LÆS

Den nye barneavdelinga i 3. etasje i hovudbiblioteket i København, har vigg 1000 kvadratmeter til barns språkopplæring og lesevaner. På heimesida deira står det: *LÆS er en helt ny type børnebibliotek, der med hjernehorskning og viden om børns læsevaner og sprogtilegnelse kobler aktiviteter, læsning, leg og læring.*

I ti aktivitetsoner har dei utforma eit interiør som liknar eit landskap, der ein kan gå på oppdagingsferd mellom hyllar og installasjonar Landskapet utfordrar ungane både intellektuelt og fysisk. Ei gruppe "børneværter" arbeider i etasjen, dei er litteraturvitere med erfaring frå bibliotek, bokhandlere, skole- og barnehager og universitetet. Når ein går seg gjennom etasjen, beveger ein seg frå det eine til det neste nivået. Dei ulike sonane følgjer borna sine utviklingstrinn, frå leik og introduksjon av bokstavar til bøker med meir tekst. Lesing som aktivitet skjer ikkje berre gjennom bøker, men også gjennom berøring (taktil


lesing) med ulike installasjonar i rommet og bokstavleik – og song og musikk. Vi observerte ei gruppe små born som deltok i songstund mens vi var der.

Målet er å koble saman kropp, hjerne og bøker, og etasjen kan sjåast som eit levande leseunivers, der ein tar i bruk heile kroppen. Børneværtene vi fulgte fortalte om boken "Læring - et samspill mellom hjerne, kropp og omverden" av Kjeld Frendsen knyttet til denne måten å lære på. Etasjen har ulike kriker og kroker som borna kan utforske eller gjømme seg vekk i, og er utforma i mjuke og/eller andre innbydande materialer. Det er ikkje lov å ha på seg sko, og det er eigne garderobar for ytteklede. Ynskjer ein å ete/drikke. Så er det eigne soner for dette. Ein kan lese om etasjen her:

[https://bibliotek.kk.dk/sites/koebenhavn.ddbcms.dk/files/files/groups/folder-digital-baerneetagenlaes-dk\\_fd\\_0.pdf](https://bibliotek.kk.dk/sites/koebenhavn.ddbcms.dk/files/files/groups/folder-digital-baerneetagenlaes-dk_fd_0.pdf)



"...tanken om at bevægelse og aktivitet er så fundamental for børn, at man kan sige, at de tænker med kroppen."



Heile kroppen skal takast i bruk når ein skal bli kjend med bokstavane.

Bøkene er i stor grad fronta, noko som gir eit forlokka intrykk.



# BIBLIOTEK+ Gladsaxe Bibliotekerne

Referenter: Alle

## «Hele Gladsaxes kulturelle og sociale mødested»



*Den gode atmosfæren i Bibliotek+ startar allereie utanfor, ved inngangspartiet har dei laga inviterande sitjeplassar omgitt av plantekassar.*

Som i Nørrebro har Gladsaxe levekårsutfordringar i nærområdet, og Bibliotek+ blir også her sett på som ein del av løysinga. Enkeltpersonar, foreiningar og organisasjonar blir inviterte til å engasjera seg i og skape tilbod i biblioteket.

Bibliotek+ fungerer som ein fasiliterer, det vil seie at dei stiller opp med lokale og hjelp og støtte til å starta opp, med mål om at dei forskjellige tilboda etter kvart skal bli sjølvdrivne.

Det er stor bevisstheit rundt utforminga av biblioteket, som opplevast som eitt stort rom. Det er det ikkje, det er delt inn i ulike rom alt etter funksjon – kontor for dei tilsette, «studierum» for alle, og kjøken, men glasveggar gjev ein illusjon av eit ope rom. Dette har bidrige til å endre og dempe utagerande bruk av biblioteket.

Tidlegare var det uro og tillau til at ungdomsgjengar samla seg i

biblioteket si meirope tid, dette skapte utryggheit og skremde bort andre brukarar. Etter oppussinga er det ikkje lenger slik – ein av dei tilsette sa det slik: no finn vi ikkje lenger brukte sprøyter på toaletta.

Av same grunn er det eit mål om alltid å ha to brukaraktivitetar i meirope tid. Aktivitetane skaper tryggleik, og dempar uro.

## Verdensmålcertifiseret bibliotek

Det blei jobba aktivt med FN sine berekraftsmål også her. I likskap med biblioteket i Ballerup, er Gladsaxe eitt av ti bibliotek i Danmark som er «verdensmålcertifiseret». Som ein del av dette programmet vil dei hjelpe til med å utvikle lokale fellesskap, som bidreg til eitt eller fleire av FN sine berekraftsmål.

Til dømes får Bibliotek+ i Gladsaxe levert mat frå Fødevarebanken, ein organisasjon som jobbar med å motkjempe matsvinn og matfattigdom i Danmark. Maten kan brukast til forskjellige opplegg i biblioteket, men det er ein føresetnad at maten blir spist i fellesskap med andre. Førebuinga til måltida skjer i biblioteket sitt eige kjøken, plassert midt i lokalet, med glasveggar - slik at alle kan sjå inn.



Gjennom glasveggane observerte vi matklubben «Mat for mænd» lage mat. Det endte i eit felles, varmt måltid, med mykje grønt – i tråd med berekraftsmåla. Bilde over til høgre er omlag same gjengen som vi såg, men lånt frå gladbib.dk.




Vi fekk med oss ei handbok heim: «En guide til at arbeide med fællesskaber og verdensmål på biblioteket». Den informerer om kva berekraftsmåla er og korleis biblioteket kan fremja dei i lokalsamfunnet, med konkrete døme på korleis ein kan jobbe med dei. Handboka er utgjeve av Tenketanken Fremtidens Biblioteker, som ein del av prosjektet «saman om verdensmål».



Ein kunstklubb hadde utstilling i "foredragsområdet", og i eitt av "studierummene" var det ei lita gruppe som arbeidde med si kunst mens vi var der.



Ein del av oppdraget på turen var å informere om Erasmus+ og våre eige heimebibliotek. Her presenterer Ingrid Bømlo bibliotek for verkskapet.



vestlandfylke.no